

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36. Tilleggsliste

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Strandoik

Emne: Helsing, fakker og åtferd

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måter å rufe folk på.

A. Ved forskjellige anledninger.

Dette kan ein ikkje siva å hugsa noko visst om.

1. Ein har ikkje høyrte om at der vart gjort noko mot den som var sein i slattearbeidet. Men at ein "skar i nes" og "skar i holme" den som var sein i skurden har ein både høyrte og sett. Ungdomar kunde vera tankelause solus, for sume tok seg nær over det å verta "sett igjen" som ei "attegløyma". Det vart jamt omsnakka etterpå, og var ikkje so uskuldig spøke som ein kunde tru.

2. At der vart sett stokkar og andre ting ved dørene til karar som rak nattens tider, og elles gjort mange spikk for dei har ein høyrte mangt og mykje om. Men ein har ikkje høyrte at dette berre vart gjort bestemte netter.

3. Noko slikt har ein ikkje høyrte har vore bruka å gjort i julehelge heritering.

2

B. Ved å sette navn på folk.

Ein kjemur til at før i tida künde folk vera lei med å setja utnamn på folk som hadde fare gale åt på ein eller annan måte. Disse namna var gjerne so utifrå høvelege og vittige at dei vart sitjande på vedkomande all hans dag, og gjerne på etterkomarane og.

Ein vit ikkje av at der var nokre sær namn på den som gjekk på besøk første juledagen. Men ein sa om dei at dei "drog hondakåve" (hundakøvedet).

5. Ein sa om den som ingenting nytt fekk til gal at han laut "dra på lūsasekkjen".

6. Ein vit berre at den som ikkje bruke reisa til kyrkja preikesundagen, og elles ikkje las teksten åt husfolket sitt huime var kalla ein haubukk eller haūkadd.

Den som stött var seint ferdig med omme vart kalla ein ettebåt